

Vår saksbehandlar:  
Lina Nathalie Jurs

Direkte telefonnr.:  
53423164

Vår dato:  
04.11.2013  
Dykkar dato:  
«REFDATO»

Vår referanse:  
2013/784-100/124552/2013  
Dykkar referanse:  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

**MELDING OM VEDTAK OG KLAGERETT:  
SØKNAD OM DISPENSASJON DELINGSLØYVE UTMARKSAREAL 100/1  
ØKLAND**

Viser til dispensasjonssøknad om frådeling av utmarksareal frå gnr.100, bnr.1 Økland.

Saka vert behandla i utval for areal og samferdsel den 16.10.13. Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §§ 1-8 og 11-6 til oppretting av ny grunneigedom på om lag 55025m<sup>2</sup> og ein arealoverføring på omlag 13185m<sup>2</sup> frå gnr.100, bnr.1 Økland.

Særlege grunnar til å gje dispensasjon:

1. Frådelinga er til uendra bruk.
2. Dei private interessene vil vega tyngre enn dei samfunnsmessige sidene ved dispensasjon.

Løyve er gjeve i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 med følgjande vilkår:

3. Opprettinga av den nye grunneigedommen og arealoverføringa skal skje i samsvar med vedlagt kartutsnitt datert 02.10.2013.
4. Ein gjer merksam på at løyvet er gyldig i 3år. Oppmålingsforretning må difor haldast innan 3 år frå vedtaksdato.

Dersom løyve ikkje vert påklaga vert saka sendt til oppmålingsavdelinga for oppmålingsforretning.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE

Lina Nathalie Jurs  
Saksbehandlar Delesak

Likelydande brev vert sendt:  
Hordaland Fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hermann Økland  
Jostein og Natalia Økland  
Åsholmen Invest

Sendar Bømlo Kommune Arealbruk 5430 Bremnes	<b>Melding om rett til å klage over          forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova §27 3.ledd)
Klageinstans: Fylkesmannen i Hordaland, justisavdelinga	<b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar          dersom De vil klaga på vedtaket De no er          gjort kjend med</b>
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage på vedtaket
<b>Kven kan De klage          til?</b>	Klage sender De til Bømlo Kommune. Dersom ikkje vedtaket vårt vert endra som følge av klagen, sender vi klaga over til Fylkesmannen i Hordaland.
<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klagen. De kan søkje om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjevast.
<b>Innhald i klagen</b>	De må oppgje kva for ei vedtak De klagar på, grunn til at De klagar, dei endringane De ynskjer og evt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
<b>Utsetting av          gjennomføringa av          vedtaket</b>	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk med det same. Men De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
<b>Rett til å sjå          dokumenta og til å          krevje rettleiing</b>	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i Forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåte og om reglane for saksgongen.
<b>Kostnadane med          klagesaka</b>	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til Dykkar fordel, kan De ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil om naudsynt gjera Dykk merksam på retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Evt. krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan 3 veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for Dykk
<b>Klage til          Sivilombodsmannen</b>	Dersom De meiner De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om dei har gjort feil elle forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er i statsråd, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	



Dato: 02.10.2013  
Arkivref: 2013/784-  
21953/2013 /  
100/1

Saksbehandlar: Lina Nathalie Jurs  
53423164  
lina-nathalie.jurs@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
156/13	Utval for areal og samferdsel	16.10.2013

### **SØKNAD OM DISPENSASJON DELINGSLØYVE UTMARKSAREAL 100/1 ØKLAND**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §§ 1-8 og 11-6 til oppretting av ny grunneigedom på om lag 55025m<sup>2</sup> og ein arealoverføring på omlag 13185m<sup>2</sup> frå gnr.100, bnr.1 Økland.

Særlege grunnar til å gje dispensasjon:

5. Frådelinga er til uendra bruk.
6. Dei private interessene vil vega tyngre enn dei samfunnsmessige sidene ved dispensasjon.

Løyve er gjeve i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 med følgjande vilkår:

7. Opprettinga av den nye grunneigedommen og arealoverføringa skal skje i samsvar med vedlagt kartutsnitt datert 02.10.2013.
8. Ein gjer merksam på at løyvet er gyldig i 3år. Oppmålingsforretning må difor haldast innan 3 år frå vedtaksdato.

#### **Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 16.10.2013**

Astrid Meling (H) ber utvalet vurderer om ho er inhabil i saka då det er Åsholmen Invest som søker og hennar sjef er eigar av selskapet, ho forlot sete under behandling av habilitet. Utvalet gjekk samrøystes inn for at ho er inhabil etter Forvaltningslova § 6.

#### **Vedtak:**

Utval for areal og samferdsel gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

#### **Dokument i saka:**

1. Søknadsskjema m/vedlegg. 23.05.2013
2. Brev frå Bømlo kommune vedkommande søknad. 11.07.2013

3. Sak sendt til behandling etter jordlova. 11.07.2013
4. Nabovarsel. 23.07.2013
5. Søknad om dispensasjon. 02.08.2013
6. Gjenpart av nabovarsel. 02.08.2013
7. Godkjent etter jordlova. 14.08.2013
8. Sak sendt på uttale til Fylkesmannen i Hordaland. 29.08.2013
9. Sak sendt på uttale til Hordaland Fylkeskommune. 29.08.2013

### **Bakgrunn for saka:**

Teigen som er søkt frådelt og arealoverført er avsett til LNRF i gjeldande kommuneplan og spesial område samt bustadområde i reguleringsplan R-64 Kvernavika.

Det er ikkje lov med tiltak etter pbl § 20-1 på skog med høg bonitet jamfør kommuneplanens føresegn § 6.1.2. I LNRF område gjeld eit byggje/deleforbod på 100m frå sjø jamfør pbl § 1-8.

Det er søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 1-8 til ein frådeling av utmarksareal og ein arealoverføring av utmarksareal frå gnr.100, bnr.1 Økland.

Parsell nr 1 på omlag 55025m<sup>2</sup> er søkt frådelt til Åsholmen Invest AS. Frådelinga er til uendra bruk. Parsell 2 på omlag 13185m<sup>2</sup> er søkt arealoverført til gnr.100, bnr.2 Økland.

Arealoverføringa er til uendra bruk.

Saka har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune. Det er ikkje motteke uttale i saka.

### **Vurderingar:**

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå bestemmelsar fastsett i eller i medhald av lova. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak bestemmelsen det vert dispensert i frå, eller omsyna i lovas formålsbestemmelse, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ein samla vurdering. Ved vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon frå planar skal statlege og regionale rammer og mål tilleggast særleg vekt.

*Grunngjeving for å søkja om dispensasjon: Områda som skal seljast vert korkje driven eller brukt meir av meg som eigar av bnr.1. De to parsellane som skal seljast til Åsholmen Invest v/Olav Svendsen jr. og Jostein og Nathalie Økland, kjem difor til å liggja akkurat som før. Det blir ikkje søkt om endringar andsynes kommuneplanen slik den ligg føre i dag. Det er heller ingenting som skal eller er planlagt endra og område vert utmark, akkurat som i dag. Områda vil være tilgjengelig for ålmenta jamfør reglane om allemannsretten slik desse gjeld for utmarksområda.*

Teigen er registrert med skog, høg bonitet og skog, middels bonitet. I skog med høg bonitet er det ikkje lov med tiltak etter pbl § 20-1. frådelinga er til uendra bruk og vil difor ikkje ha konsekvensar for skogen.

Reguleringsplan R-64 Kvernavika styrer arealbruken heilt sør der teigen er omfatta av plan. Arealoverføringa til gnr.100, bnr.2 er til uendra bruk slik at kommuneplanen og reguleringsplanen styrer framtidig arealbruk.

Med bakgrunn i at område er søkt frådelt til uendra bruk og det er opplyst at det ikkje er planlagde endringar kan ein ikkje sjå at omsyna til kommuneplanen, reguleringsplanen eller 100- metersbeltet til sjø vert råka av å gje dispensasjon. Frådelinga vil ikkje ha noko å seia for natur- kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ikkje vurdert

**Miljømessige konsekvensar:**

Det er ingen registreringar i Miljødirektoratets naturbase den 02.10.2013.

**Beredskap- og samfunnstryggleik:**


Ikkje vurdert

**Folkehelse:**

Ikkje vurdert

**Oppsummering og konklusjon:**

Rådmannen meiner at omsyna til kommuneplanen og 100- metersbeltet ikkje vært råka av å gje dispensasjon til frådelling og arealoverføring til uendra bruk.



Frådeling  
Ca 55025kvm

Arealoverføring  
Ca 13185kvm



Situasjonskart  
Gnr.100 bnr.1 Økland  
Dato:02.10.13 Vedtak:  
Målestokk 1:5000  
Bømlo kommune